Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 — Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 36. — Herad: Ogndal

Emne: Helsing, Fakter og Atferd — Bygdelag:

Oppskr. av: Anton Strugstad — Gard:

(adresse): Steinkjer — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ein kan ikkje hugse at det har vore skikk å slå figurar i grase, eller skjera holme i åkeren for folk som somlet med onnene.

Heller ikkje hugsar folk at det vart sett opp merke ved veggjer og dører til karar som var ute skjærtorsdag og langfredagnatta.

Å sisa folk på senga var skikk her før hundradårskifte, men det var natt til langfredag at dette gjekk for seg. Det var unge vaksne gutar som for med dette. Dei sa „dei skulde ut på deinning".

Etter år 1900 vart det slut med denne skikken. Folk tykte det var ein stygg skikk, ja nesten gudsbespotteleg fordi det var natt til langfredag det gjekk for seg. Når det vart sett navn på folk, var det meir folkevittigheita som var ute — ikkje absolutt meint som noko refsing. Døme: „Nils ongkar" heitte ein gift mann på folkemunn.

7770

Den som ikkje fekk ~~noko~~ ~~nytt~~ noko nytt plagg juleaften „måtte sitte på stabben". Ja så sa folk i allefall.

Ja, det fantes nok økenavn på folk som ikkje oppnådde det han skulde. T.d. ein gårdsdreng, som var sein i vendingen i våronna, fekk navnet: „general vårslapp."

H.S.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING